



**SKRIVER OM SPRÅK:** Jens Haugan er førsteamanuensis ved Høgskolen i Hedmark og skriver artikler om språk nesten ukentlig.

**ARKIVFOTO: HAMAR DAGBLAD**

# Kva seier reven?

**Jens Haugan**  
Hamar

Det kunne ha vore freistande å skrive noko om Ylvis og den nye songen deira, som fekk over ti millionar treff på YouTube på nokre få dagar. Men songen og sjølve fenomenet har allereie blitt gjennomanalysert i diverse medium. Som musikal kan eg sjølv sagt vere litt misunneleg på suksessen til Ylvis.

Den songen eg personleg har fått flest treff på på YouTube, er ikkje ein av dei «vanlege» songane mine; det er faktisk «Setningsanalysesongen», dvs. ein song om grammatikk. Dette er kanskje eit tydeleg signal om at eg bør halde meg til grammatikken.

Kva har så reven å gjere med grammatikk? Førelsesrekkljene mine startar som regel med fonetikk, dvs. lydlære. Studentane skal få eit innblikk i lydssystemet i norsk, og korleis lydane går saman til ord, som i neste omgang skal finne ein skriftleg representasjon. Alfabetet vårt er i utgangspunktet relativt godt eigna til å gje orda ei skriftleg form. Men skriftnor-

mering møter òg ei rekkje utfordringar.

No finst det vel faktisk ikkje noko offisielt ord på norsk som fortel oss kva reven seier. Sånn sett stiller Ylvis eit relevant spørsmål. Det tyder nok helst at ein ikkje har hatt særleg behov for eit slikt ord. Kva derimot «veit» vi alle seier «mø». Dette ordet blir rekna til kategorien «onomatopoetikon», dvs. lydhermande ord. Det interessante er at engelske kyr seier «moo». Men det er jo mogleg at kyr har ulike dialekter. Det blir straks verre når vi oppdagar at norske griser seier «nøff», mens dei engelske seier «oink» og dei tyske «grunz». Dette må tyde at vi oppfattar lydane rundt oss på forskjellige måtar, og at vi også vel å skrive dei på ulike måtar. Korleis burde ein så representere skrikinga til ein rev i skrift?

Lydane i eit språk kan gjerne identifiserast ved å samanlikne såkalla «minimale par». Dette er ord som skil seg ved berre éin lyd, t.d. orda «sal» og «tal». Lydane s og t kan identifiserast som såkalla «fonem» i norsk fordi desse orda

skiftar tyding når vi byter ut lydane. Tek vi også med «sjal», ser vi at vi må bruke to bokstavar for å skrive éin lyd - i «skjold» må vi bruke tre bokstavar for den same lyden, og i «ski» har vi enda ein variant.

Vi har ingen bokstav i alfabetet som representerer sj-lyden. Vi har heller ingen bokstav i alfabetet som representerer såkalla «tjukk l», som kan vere eit fonem i norsk. På den andre sida har vi bokstavar i alfabetet som vi faktisk ikkje har behov for i norsk, nemleg c, q, x og z. Henrik Wergeland var ein av dei første som føreslo at ein skulle fjerne dei frå skriftspråket, og i dag finn vi desse bokstavane først og fremst i lånord og namn.

Éin ting ein kan lære av alt dette er at lyden til reven er verkeleg nok, men at det er vi menneske som tolkar lyden, og som eventuelt også finn eit menneskeskapt, skriftleg uttrykk. Eit relevant spørsmål kan vere om språk som ikkje bruker lydbasert skrift, som t.d. kinesisk, er i stand til å skrive lydhermande ord.

utvikling av alternativer til oljen. De er uenige med de politikere som sier at markeds-kreftene tar seg av dette.

Historien har alltid vist oss at det er kun regjeringer og en sterk offentlig sektor som kan gå foran og ta risiko og de utgifter slike store oppgaver krever. De viser til vår nære historie der moderne teknologi har oppstått ved sterke statlige satsninger. Det gjelder områder som fly, satellitter, integrerte kretser, datamaskiner, inter-

## Ateister og de troende

**Einar Lang-Ree**  
Hamar

Det er ikke lenge siden det var straffbart å omtale religionene u-ærbart. Nå inviterer de troende selv til debatt. Til og med om Gud eksisterer eller ikke. Dagen hadde nylig en artikkel med

artikkelen prøver Ingolf Kanestrøm å forklare hvor feil kjente ateister tar i sine forklaringer på hvorfor de mener Gud ikke finnes. Ved en vurdering foretatt i 1960 ble det antatt at halve jordens befolkning «var nominelle ateister». Med andre ord, ateistenes «religion» hadde verdens største tilslutning. Dette er dermed ingen sekt, som det er så mange av innen religionene. Og kives gjør disse hele tiden. De blir aldri enige om tolknin-

bare motsier det som kjente ateister har lagt fram som sine forklaringer på hvorfor de ikke «tror» på noen Gud. Den kjente ateisten Richard Dawkins hevder: «Alt vi vet om dannelsen av kompleksitet i universet viser at det kreves prosesser som er analoge til naturlig utvalg. Det er disse prosessene som har gjort det mulig å utvikle livet, fra amøbe til det komplekse mennesket». Mens Kanestrøm og troende med ham holder på Adam og